



Kaotisk: Hardanger AKS AS har vore gjennom ei vanskeleg tid, men styreleiar Nils Frode Skaar ser lys i tunnelen.

– Glad for ærleg versjon

– Eg har ikkje visst at det var så gale, sa Ottar Randa (H) då han fekk vita korleis stoda har vore ved Hardanger AKS AS (HA).

SIGBJØRN LINGA
linga@hf.no

– Dette vert ikkje noka kosestund.

Styreleiar Nils Frode Skaar gav ein usminka versjon av fortid og notid i HA då han stilte opp i eigarmøte i verksemda i Kvam formannskap onsdag. Situasjonen vart omtala i HF sist tysdag, etter at Skaar orienterte rådet med menneske med nedsett funksjonsevne og eldre om stoda.

Skaar hausta skryt for å ikkje pynta brura i møte med ein av eigarane til HA. Fleire folkevalde gav uttrykk for at dei sette pris på å få realitetar utan atterhald.

– Me er glade for å ha fått ein ærleg styreleiar, sa Randa etter framstillinga.

– Takk for at me fekk ein

usminka versjon. Det har me prøvd å få tidlegare. Eg har vore av den oppfatning at ikkje alt har vore som det skulle, sa Frode Nygård (Frp).

– Berre på pulten

Skaar fortalde at det har vore sterke konfliktar i verksemda, men at desse er rydda opp i. Konfliktane kom til overflata i ein revisjonsrapport for fleire år sidan, men har vara i lang tid etter den tid, fortalde han.

Ordførar Jostein Ljones (Sp) sa at han har hatt ei kjensle av at konfliktane er rydda av vegen på kontorpulten, men ikkje vidare i systemet. Han er glad for at styreleiar, som byrja for om lag eitt år sidan, har teke tak i utfordringane.

Skaar sa HA etter hans syn vil ha nytte av tettare kontakt med Kvam herad. Verksemda treng innspel om korleis ho skal gå fram i ulike saker, sa han.

Ljones vedgjekk at heradet har eit stort ansvar som eigar, at kon-

takten må verta tettare og at den kommunale eigarskapen må verta meir aktiv.

– Eg har vore innoom fleire gonger og snakka med dei, men det kan verta betre. Det er viktig for å sikra framtida til verksemda og brukarane, sa Ljones, som understreka at HA er viktig for Kvam.

Utan administrasjon

Skaar opplyste at verksemda i ein periode var driven praktisk tala utan administrasjon som følgje av ei oppseiing og ei sjukmelding. Det førte til dømes til at telefonar ikkje nådde fram og at rekningar ikkje vart betala.

– Hadde det gått 14 dagar til, kunne eg stengt døra og gått. Situasjonen var veldig alvorleg. Det var ein arbeidskonflikt og ikkje har sett maken til mellom administrasjonen og tilsette, sa han.

Frå for var den økonomiske situasjonen vanskeleg, mykje som følgje av ei stor investering i kjøken i næringsbygget på Mo i Steinsdalen. Gjelda voks frå 1

million i 2008 til 18,3 millionar i 2015, opplyste Skaar.

– Ei gruffull utvikling. I dag er gjelda 14,5 millionar, sa Skaar, som meiner det vart teke opp uforsvarleg store lån.

– Dei slit me med enno, etter at kjøkenet er avvikla, sa han.

Etter nedlegginga vart det færre tilsette, men ikkje færre brukarar. I dag finst 12 tilsette og 60 brukarar. Bemanninga har vore uforsvarleg dårleg, sa Skaar.

Lysare tider, men sårbart

No er Ona Waage tilsett som administrasjonsleiar, og Øyvind Aksnes fungerer som dagleg leiar ut året. Nokre turvande investeringar er gjorde. Dei store konfliktane er rydda opp i. Vaskeriet har fått ein omfattande kontrakt, og verksemda lagar middagag til sel-skap i byggjenæringa. Økonomien ser såleis noko lysare ut, sjølv om eigenkapitalen er borte.

Skaar meiner likevel at mykje tyder på at verksemda har ein problematisk storleik. Han spur

seg dessutan kva som vil skje den dagen nøkkelpersonar vert sjuke eller sluttar.

– Det kan lett oppstå ein situasjon der ein får store problem, sa han.

Håpar dei kjem på banen

Skaar viser til at brukarane er personar med få andre alternativ. Kvam herad har såleis eit spesielt ansvar for å få drifta til å fungera, meiner han.

Ona Waage sa i eigarmøtet at ho verkeleg håpar at Kvam herad vil koma på banen og hjelpe HA.

Oppmodinga har hatt effekt, for før helga sende Frode Nygård ein e-post til rådmannen og ordføraren. Han ber om at dei før heradsstyremøtet tysdag vurderer kva tiltak ein kan setja i verk for å hjelpe. Frp meiner det er viktig at heradet utøver aktiv eigarskap i den krevjande situasjonen HA er i.

Ottar Randa nemnde i møtet at eit alternativ kan vera at Kvam herad kjøper eigeidomen. Ljones minte om at han truleg er pantsatt.

Frårår lokale næringsfond

Ullensvang kommune bør ha eigne næringsfond med lokale styre, seier intensjonsavtalen mellom Jondal, Ullensvang og Odda. Slik vert det kanskje ikkje likevel.

– Me vert ein kommune. Dei økonomiske ressursane knytte til fonda bør vera tilgjengelege for alle næringsaktørar i heile kommunen. Eit fond med fondstyre vil då kunna ha eit heilskapleg blikk på næringsutviklinga, prioriteringar og forvaltning, skriv prosjektleiar Ole-Jørgen Jondahl i sakspapira til fellesnemnda fredag.

Han meiner lokale fond kan gjera det verta krevjande å handtera søkjarar likt og støtta dei strategiske måla for næringsut-

vikling. Dessutan vil dei krevja uturvande separat sakshandsaming i administrasjonen, meiner han.

Hans råd er å oppretta eitt næringsfond – Ullensvang næringsfond – med 1,5 millionar kroner i årleg ramme frå konsesjonsavgifter. Dette skal ha årlege tilde-lingsrundar etter søknad.

I tillegg vil han halda fram vekst- og strategifondet til Odda kommune i den nye kommunen. Dette skal nyttast til dømes til større etableringar, kjøp av aksjar, toppfinansiering og liknande. Sistnemnde fond var i mai på i alt 7,4 millionar kroner, der 6 millionar var bunden kapital.

HF presiserer

I artikkelen om retts-saka om trafikkulukka i Vik-øy, som stod på trykk tysdag, kom det fram at bistandsadvokat Per Magne Kristiansen ber om at den tiltalte betalar 125.000 kroner i opprei-

sing til dei etterlatne.

Summen gjeld kvar av dei etterlatne – mor og tre born –, altså til saman inntil 500.000 kroner.

Som på Stortinget

Ordføraren i Ullensvang kommune kan rekna med å få same godtgjersle som stortingsrepresentantane, det vil i dag seia 956.463 kroner. Det går fram av framlegget om politisk reglement, som fellesnemnda drøftar fredag.

Framlegget tilseier at varaordføraren kan håpa på 12 prosent av godtgjersla til ordføraren, som tilsvarar 114.776 kroner. Leiarane i utval for

samfunn og utvikling, utval for kultur og levekår og **kontrollutvalet** får truleg 3 prosent, altså 28.694 kroner. Dei kan ikkje rekna med møtegodtgjersle i tillegg.

Framlegget går ut på at medlemmer i kommunestyret, formannskapet og utvala får 1.000 kroner per møte i godtgjersle. I andre styre og utval kan ein rekna med 500 kroner.